

## Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.11.2015

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Nyt pkt. 2.

Det vert ikkje gjeve konsesjon på område «Klovning» og område «Utfatet sør» då vurdering er at områda må vente på planavklaring ved rullering av kommuneplanen sin arealdel.»

Nytt pkt. 8.

8. konsesjon gjeld til 2017 med mogleg å forlenge til 2020 i samband med rullering av kommuneplan i Bømlo kommune.»

### Røysting

Andersland sitt forslag til nytt pkt. 2 fekk 1 røyst (V) og fall mot rådmannen sitt forslag til pkt.2 som fekk 12 røyster.

Andersland sitt forslag til nytt pkt. 8 fekk 1 røyst (V) og fall mot rådmannen sitt forslag til pkt.8 som fekk 12 røyster.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart elles samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. I medhald av LOV 1963-06-21 nr 12: *Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumforekomster*, får Boston AS konsesjon for opptak av skjelsand frå områda "Nordøyane" og "Utfatet sør" i Bømlo kommune.
2. Det vert ikkje gitt konsesjon på området "Klovning" då vurderinga er at området må vente på planavklaring ved rullering av kommuneplanen sin arealdel.
3. Årleg opptak av massar frå området Nordøyane er inntil 10.000 m<sup>3</sup>, og frå Utfatet sør inntil 8.000 m<sup>3</sup>.
4. Det er ikkje tillate med opptak av massar frå konsesjonsområda i perioden 15. juli til 15. september av omsyn til ærfugl i mytetida.
5. Ved opptak av skjelsand frå området "Nordøyane" må ein vere spesielt merksam på det automatisk freda kulturminnet ved Hespriholmen aust for konsesjonsområdet, så skjelsandopptak ikkje skjer utanfor konsesjonsområdet eller fører til utrasing.
6. For området Utfatet sør kan det ikkje takast opp skjelsand før det eventuelt ligg føre løyve frå Bergens Sjøfartsmuseum etter at det er gjennomført ei marinarkeologisk undersøking som kravd av museet.
7. For området Utfatet sør kan det heller ikkje takast opp skjelsand før det er gitt løyve til tiltaket etter Hamne- og farvasslova § 27.
8. Konsesjonen gjeld til 20.03.2020.
9. Konsesjonen vert elles gitt på dei vanlege vilkåra for skjelsandkonsesjonar som vil framgå av konsesjonsdokumentet i samsvar med sentralt rundskriv av 1.4.93



Arkivnr: 2015/4452-13  
Saksbehandlar: Jomar Ragnhildstveit

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		11.11.2015

## Boston AS - Søknad om skjelsandkonsesjon i Bømlo kommune

### Samandrag

Boston AS har søkt om konsesjon for opptak av skjelsand frå dei tre områda "Nordøyane", "Utfatet sør" og "Klovning" sørvest i Bømlo kommune. Omsøkte bruksformål er oppgitt å vere "dekking av havbunn" og "jordforbetring". På området Nordøyane er det søkt om forlenga konsesjon, mens områda Utfatet sør og Klovning er nye område nær konsesjonsområdet "Utfatet" som ikkje er søkt forlenga. Søknaden har vore på høyring. Av høyringsinstansane som har svart har ingen innendingar mot å forlenga konsesjonen på området "Nordøyane" som også er lagt ut til råstoffutvinning i bindande arealplan. For Nordøyane vert det føreslått å gje konsesjon på same vilkår som før og som omsøkt.

Bømlo kommune rår frå å gje konsesjon på dei to nye områda, som begge ligg i fleirbruksområdet. Kommunen meiner at nye område til skjelsandopptak i Espevær bør vurderast samla ved rullering av arealdelen i kommuneplanen i 2017.

Vurderinga her er at konsesjon i dei nye områda strengt tatt ikkje vil vere i strid med arealdelen i kommuneplanen. Ut frå dei ulike omsyna fylkeskommunen må ta (planmessige, næringsmessige, ressursmessige og miljømessige), føreslår fylkesrådmannen å gje konsesjon på området "Utfatet sør" på inntil 8.000 m<sup>3</sup> årleg, og elles på same vilkår som for Nordøyane. "Utfatet sør" vil då kome som erstatning for "Utfatet", og det vert vurdert å vere for lenge å vente til rullering av arealdelen. Det vert føreslått å ikkje gje konsesjon på området "Klovning". Før det eventuelt kan takast opp skjelsand frå "Utfatet sør" og "Klovning" må det føreliggje løyve etter kulturminnelova, etter gjennomføring av ei marinarkeologisk undersøking kravd av Bergens Sjøfartsmuseum.

Bruksformålet "dekking av havbunn" betyr nok stort sett bruk av skjelsand til å lage og vedlikehalde badestrender. Dette er eit relativt nytt og omdiskutert bruksformål som har fått relativt stort omfang. Slik bruk gir helst lite verdiskaping og dårleg ressursutnytting av skjelsand som ein avgrensa, ikkje-fornybar ressurs. Skjelsand bør helst brukast til høgverdige bruksformål som til dømes jordforbetring. I vurdering av positive og negative sider ved bruk av skjelsand til sandstrandsformål, kan negative miljømessige sider (biologisk mangfald m.m.) gjerne vege tyngst. Boston AS har fleire konsesjonar i Hordaland. Årlege uttak frå konsesjonane har lege godt under det ein kunne ha teke opp.

## Forslag til vedtak

1. I medhald av *LOV 1963-06-21 nr 12: Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster*, får Boston AS konsesjon for opptak av skjelsand frå områda "Nordøyane" og "Utfatet sør" i Bømlo kommune.
2. Det vert ikkje gitt konsesjon på området "Klovning" då vurderinga er at området må vente på planavklaring ved rullering av kommuneplanen sin arealdel.
3. Årleg opptak av massar frå området Nordøyane er inntil 10.000 m<sup>3</sup>, og frå Utfatet sør inntil 8.000 m<sup>3</sup>.
4. Det er ikkje tillate med opptak av massar frå konsesjonsområda i perioden 15. juli til 15. september av omsyn til ærfugl i mytetida.
5. Ved opptak av skjelsand frå området "Nordøyane" må ein vere spesielt merksam på det automatisk freda kulturminnet ved Hespriholmen aust for konsesjonsområdet, så skjelsandopptak ikkje skjer utanfor konsesjonsområdet eller fører til utrasing.
6. For området Utfatet sør kan det ikkje takast opp skjelsand før det eventuelt ligg føre løyve frå Bergens Sjøfartsmuseum etter at det er gjennomført ei marinarkeologisk undersøking som kravd av museet.
7. For området Utfatet sør kan det heller ikkje takast opp skjelsand før det er gitt løyve til tiltaket etter Hamne- og farvasslova § 27.
8. Konsesjonen gjeld til 20.03.2020.
9. Konsesjonen vert elles gitt på dei vanlege vilkåra for skjelsandkonsesjonar som vil framgå av konsesjonsdokumentet i samsvar med sentralt rundskriv av 1.4.93

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg  
1 Søknad

## Fylkesrådmannen, 26.10.2015


### Bakgrunn

Boston AS frå Karmøy fremja søknad 03.03.2015 om konsesjon for opptak av skjelsand i Bømlo kommune (vedlagt). Konsesjon vert gitt i medhald av Lov 21. juni 1963 nr. 12: Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumforekomster (kontinentalsockellova). Retten til dei undersjøiske naturforekomstane ligg til staten.

Myndigheita til å tildele konsesjonar for undersøking etter og utnytting av skjelsand, sand og grus ert delegert til fylkeskommunane. Kultur- og ressursutvalet har fullmakt til å tildele skjelsandkonsesjonar.

### Søknaden

Boston AS hadde konsesjon for opptak av skjelsand frå områda "Nordøyane" og "Utfatet" fram til 20.03.2015. Søknaden her gjeld forlenging av konsesjonen for området "Nordøyane" og opptak frå to nye område, "Utfatet sør" og "Klovning". Som vist på figur 1 ligg dei to nye områda rett sør for "Utfatet" som ikkje er søkt forlenga, grunna stor innblanding av stein i konsesjonsområdet der.



Figur 1. Oversiktskart over dei omsøkte konsesjonsområda Nordøyane, Utfatet sør og Klovning, og området Utfatet som utgå.

Ifølgje søknaden skal skjelsanden, som før, brukast til "dekking av havbunn" og "jordforbedring". Opptak skal skje med sugestyr frå fartøyet M/S Sandstrand. For "Nordøyane" er det søkt på same

konsesjonsvilkår og opptaksvolum som før. For "Utfatet sør" og "Klovning" er det søkt om årleg opptak på til saman 10.000 m<sup>3</sup>, ein auke på 2.000 m<sup>3</sup> i forhold til "Utfatet". Omsøkt areal og opptaksvolum på konsesjonsområda er vist i tabell 1.

Tabell 1 Omsøkte konsesjonsområde

Konsesjonsområde	Areal (dekar)	Opptak per år (m <sup>3</sup> )
Nordøyane	162,4	10 000
Utfatet sør	74,9	10 000
Klovning	33,8	
<b>Sum</b>	<b>271,1</b>	<b>20 000</b>

### Saksopplysningar, retningslinjer og innleiande kommentarar

Skjelsandkonsesjon kan gjevast for inntil 5 år, men kan søkjast forlenga. På "Nordøyane" og "Utfatet" har det vore konsesjon sidan 07.03.2002, med forlenging og eigarskifte fleire gonger. Boston AS har hatt konsesjon på områda frå 07.03.2007, og fekk seinast forlenga konsesjonen i fylkesutvalet 2013 (FUV-sak 6/13). Forlenging vart gitt i berre tre år, grunna planar om etablering av havbeite med hummar i området.

Rapportert skjelsandopptak frå "Nordøyane" i perioden 2002-2014 er ca 33.840 m<sup>3</sup>, og frå "Utfatet" ca 5.550 m<sup>3</sup>. I 2013 og 2014 rapporterte Boston AS om opptak av høvesvis 2.900 m<sup>3</sup> og 2.600 m<sup>3</sup> frå "Nordøyane", dvs under 30 % av tillate opptaksvolum begge åra. Det vart ikkje teke opp skjelsand frå "Utfatet" dei to åra.

I Hordaland har Boston AS i tillegg ein konsesjon i Øygarden kommune, og kan ta opp skjelsand frå ein konsesjon i Sveio kommune. På ein tredje konsesjon i Fjell kommune er det ikkje meir skjelsand igjen.

### Retningslinjer ved konsesjonsbehandling

Retningslinjer ved sakshandsaming og tildeling av konsesjonar er gitt i rundskriv frå departementet 01.04.1993, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-ved-saksbehandling/id107848/>.

Fylkeskommunen kan ikkje utelate, endre eller leggje til vilkår utan samtykkje frå departementet. Dette er likevel ikkje til hinder for at fylkeskommunen kan gjere lokale tilpassingar. Konsesjonsvedtak er eit enkeltvedtak etter forvaltingslova og skal grunngjevast (jf. §§ 24-25). Vedtaket skal fattast etter ei skjønsmessig vurdering, der fordelane med tiltaket vert vurdert opp mot dei ulemper det vil medføre. Klageinstans er Nærings- og fiskeridepartementet.

Av forarbeida til kontinentalsokkellova går det fram at føremålet med lova er å gje norske styresmakter ein klar heimel til å føre kontroll med undersøking og utnytting av undersjøiske naturførekomstar. Miljømessige og geografiske forhold er relevante moment. Å prioritere søkjarar frå eige fylke vil derimot vere eit utanforliggjande omsyn. Før vedtak skal fylkeskommunen lage ei tilråding om konsesjon skal gjevast eller ikkje, med resymé av høyringsfråsegnene og ei vurdering og konklusjon. Fylkeskommunen kan ikkje treffe vedtak om konsesjon i strid med bindande arealplan, med mindre det aktuelle planmyndet samtykker. Opptak av skjelsand som omsøkt, må reknast som eit vesentleg terrengingrep etter plan- og bygningslova (jf. pbl § 20-1, 1. ledd bokstav k). Slike tiltak krev løyve frå kommunen.

Søknader om konsesjon for opptak av skjelsand vert sendt til fylkeskommunen, som sender søknaden på høyring til høyringsinstansane.

### Andre retningslinjer

Ved konsesjonsbehandling må kontinentalsokkellova og retningslinjene frå 1993 sjåast i samverknad med andre, nyare lover, forskrifter, retningslinjer og føringar:

#### Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova tek utgangspunkt i at all natur skal forvaltast kunnskapsbasert. Skjelsand er ein naturtype, og uttak vil gje inngrep i naturen. I naturmangfaldlova § 4 er målet blant anna at mangfaldet av naturtypar vert ivareteke innanfor deira naturlege utbreiingsområde og med det artsmangfaldet og dei

økologiske prosessane som kjenneteiknar den enkelte naturtypen.

Om det skal gjevast løyve vil basere seg på ei skjønsmessig vurdering kor kunnskapen ein har framskaffa om påverknadene på og konsekvensane for naturmangfaldet ved tiltaket skal inngå.

"[Temaveileder Uttak av mineralske forekomster og planlegging etter plan- og bygningsloven](#)" gjer greie for samspelet mellom plan- og bygningslova og andre viktige lover og forskrifter som styrer forvaltinga av mineralske ressursar, bortsett frå olje, gass og vatn.

#### *Forskrift om konsekvensutgreiing for tiltak etter sektorlover*

Konsesjonssøknaden fell inn under tiltak 2 a / vedlegg II, *Utvinningsindustri av type Mudringsrelatert kommersiell utvinning av mineraler fra havbunnen*. Fylkeskommunen som ansvarleg myndigheit skal ta stilling til om tiltaket kan få *vesentlege verknader*. Blant anna skal det vurderast om tiltaket vil kunne kome i konflikt med kulturminner som er freda.

#### *Forureiningsforskriftas kapittel 22. Mudring og dumping i sjø og vassdrag*

Mudringsaktivitetar som har eit anna føremål enn mudring, t.d. uttak av skjellsand, er ikkje omfatta av forskrifta.

### **Regionale planar**

**Fylkesplan for Hordaland 2005-2008** (forlenga inntil vidare), har ei fylkespolitisk retningsline som seier at "Område for skjellsandopptak skal vurderast og gjerast synleg i arealplanar".

Ved endringane i plan- og bygningslova i 2008 vart underformåla i fleirbruksområdet i sjø gjort uttømande og ekskluderte råstoffutvinning. I 2012 kom Miljøverndepartementet, i rettleiaren [T-1491 Kommuneplanens arealdel](#), med følgjande retningsline om korleis skjellsanduttak kunne behandlast i kommuneplanen sin arealdel:

Skjellsanduttak er ikke eget underformål i plan- og bygningsloven. Areal kan avsettes til skjellsanduttak ved å bruke det generelle formålet "bruk og vern av sjø og vassdrag" og spesifisere bruken nærmere gjennom bestemmelser. Bestemmelser etter § 11-11 nr. 3 kan gis om "bruk og vern av vannflate, vannsøyle og bunn", og dette gir muligheter for å styre skjellsanduttak. Det kan også være en mulighet å benytte formålet råstoffutvinning etter § 11-7 nr. 1, dersom det anses mer hensiktsmessig.

### **Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger (Høyringsutkast på høyring til 01.10.2015)**


Under næringsinteresser står det: "*Det er kartlagt relativt store skjellsandforekomstar i kystområda i Hordaland. Kommunane vert oppmoda om å visa konsesjonsområde for skjellsandutvinning i kommuneplanen, sjølv om denne aktiviteten i utgangspunktet ikkje er i strid med andre arealføremål. Uttak av skjellsand medfører terrenginngrep, og det er difor viktig å ta omsyn til andre interesser i området.*"

I planarbeidet er dei fire plantema, landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, sett i samanheng for å kartfeste større samanhengande område av regional verdi som skal takast vare på gjennom omsyn i lokal planlegging og forvaltning. Nordøyane-Espevær-området, med dei omsøkte konsesjonsområda, inngår i eit slikt område. Dei omsøkte konsesjonsområda inngår også i det regionale friluftsområdet Espevær, frå prosjektet "Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland" i 2008, der området vart gitt verdien A = Svært viktig.

### **Kommuneplanen sin arealdel**

I [kommuneplanen sin arealdel](#) (vedteken 18.03.2013), er konsesjonsområda "Nordøyane" og "Utfatet" lagt ut som arealføremål "Bebyggelse og anlegg" (pbl § 11-7 nr. 1), med underformål råstoffutvinning (RU). Som vist på figur 2 a ligg "Nordøyane" innanfor omsynssone "Bevaring naturmiljø" (nr H-560\_7), jf. pbl § 11-8.

Områda "Utfatet sør" og "Klovning", vist på figur 2 b, ligg rett sør for "Utfatet", i det generelle fleirbruksområdet (pbl § 11-7 nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag).



Figur 2. a) Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel i området Nordøyane-Espevær. Konesjonsområda Nordøyane og Utfatet (Boston AS) og Kjenskjæra-Kjennholmane (Roslagen AS) er lokalisert til område avsett til skjelsanduttak. b) Undersjøiske terrengforhold ved "Utfatet", "Utfatet sør" og "Klovning". Grunnkart: Statens kartverk sjø.

Skjelsand eller skjelsanduttak er ikkje omhandla i planomtalen til kommuneplanen sin arealdel 2013-2025, eller i retningslinjer eller føresegnar til arealdelen. Fylkeskommunen kom ikkje med høyringsuttale vedkomande skjelsand verken ved høyringa av planprogrammet, eller ved høyringa av planen, jf. KURE sak 117/12 13.11.2012.

I den førre kommuneplan 2006-2018, vedteken 03.04.2006, var skjelsand omhandla i arealdelen som ein ressurs som bør utnyttast, men at kommunen vil vurdere kvar einiskild søknad utifrå mogelege interessekonfliktar.

### Høyring av søknaden

Søknaden vart sendt på høyring til dei obligatoriske høyringsinstansane 29.06.2015, med høyringsfrist 10. september. Ingen av høyringsinstansane bad om utsett høyringsfrist. Her følgjer samanfating av høyringsuttalane.

### Bømlo kommune (datert 11.09.)

Utval for areal og samferdsel gjorde 02.09. følgjande vedtak:

1. Bømlo kommune rår til at Boston AS får forlenga selskapet sin konsesjon for opptak av skjelsand frå området Nordøyane ved Espevær fram til rullering av kommuneplan i ca. 2017, og med konsesjon i maks 5 år.
2. Når det gjeld Boston AS sin søknad om konsesjon til to nye område "Utfatet sør" og "Klovning" som ikkje ligg inne til råstoffutvinning i vedteken kommuneplan, så vil utvalet rå frå at det vert gjeve konsesjon. Nye område til skjelsandopptak ved Espevær bør vurderast samla i samband med rullering av arealdelen i kommuneplanen i 2017.

I saksutgreiinga er det vurdert at skjelsand er ein ressurs som bør kunne nyttast, og at kommunen ikkje har kjennskap til interessekonfliktar i samband med skjelsandopptak frå "Nordøyane". I vurderinga står det: "Så lenge me ikkje har dokumentasjon på at fiskeplassar i dei omsøkte områda er øydelagt, finn me at det bør gjevast konsesjon som omsøkt".

**Bergens Sjøfartsmuseum (datert 20.07.)**

Muséet har ingen innvendingar mot at konsesjonen vert forlenga for området ved Nordøyane, der det er teke opp skjelsand i fleire år, og tiltakshavar er kjent med kulturminne på Hespriholmen.

Muséet har opplysningar om at skonnerten "Familien" gjekk ned ved Espevær i 1869, sjøve forlisstaden er ukjend. "Utfatet sør" og "Klovning" ligg i dei ytre områda og det er ikkje utenkjeleg at den har forlist der. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotnen vurderer muséet difor for å vere til stades ved Utfatet Sør og Klovning. Muséet krev som rett myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, undersøkingar av om det kan vere skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelova §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Muséet ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedkomande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som muséet må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

Fylkesrådmannen sin kommentar: Boston AS har kontakta Bergens Sjøfartsmuseum og fått eit budsjett på vel kr 66.000 for gjennomføring av feltundersøkinga.

**Fiskeridirektoratet, Region Vest (datert 10.09.)**

Fiskeridirektoratet viser til at direktoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse er det direktoratet sitt ansvar å sikre deira interesser samstundes som direktoratet skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

I uttalen vedkomande "Nordøyane" står det:

Området er brukt i fisket etter blant anna sei og breiflabb. Akvakulturanlegget 13032 Sølvøyane ligg i nærleiken. Direktoratet oppmodar fylkeskommunen om å ta kontakt med eigar av dette anlegget for å få deira uttale i saka. Det kan vere risiko for at sjøvatt med høge konsentrasjonar av partiklar frå skjelsandopptak kan verte ført med straumen og inn i oppdrettsanlegget, noko som vil vere uheldig for fisken. Det er registreringar av svært viktige store tareførekomstar i dette området. Stortareskog vert rekna som eit av dei viktigaste oppvektsområda for fisk og krepsdyr. Vi har ikkje registrert at det har vore konfliktpunkter med fiskeri i samband med opptak frå denne lokaliteten. Vi vil ikkje gå imot ei forlenging av denne konsesjonen når dei same vilkåra som før skal gjelde.

I uttalen vedkomande området "Utfatet sør" og "Klovning" står det:

Området er brukt i fisket etter blant anna sei og breiflabb. Det er registreringar av viktige store tareskogførekomstar i dette området. Vi vil ikkje gå imot oppretting av nye konsesjonsområde, så sant dette ikkje fører til skader for dei interessene vi skal ivareta.

Fiskarlaget Vest har vore høyrde i saka og dei føreset at opptaket av skjelsand vert gjort med best mogleg teknikk slik at ein unngår mest mogleg partikkelspreiing i vassmassane.

**Vi føreset at det vert sett i gong avbøtande tiltak dersom det viser seg at tiltaket kan gjere skade for det marine biologiske mangfaldet, havbruksinteressene og fiskebruksområde.**

**Hordaland fylkeskommune, akvakultur**

Fylkeskommunen er konsesjonsmyndigheit i saker som gjeld akvakultur. Ein kan ikkje sjå noko konflikt med omsøkte skjelsandkonsesjon.

**Forsvaret (datert 30.06.)**

Forsvarsbygg kan ikkje sjå at konsesjonen vil medføre ulemper for Forsvaret, og har difor ingen merknader til søknaden.

**Telenor (Svar frå Gravemeldingstjenesten/Geomatikk AS, datert 29.06.)**

Fylkeskommunen har motteke tilbakemelding frå "Gravemeldingstjenesten" (<https://gravemelding.no>), med opplysningar om prisar m.m. for å få opplysningar om evt. kablar i området.

Fylkesrådmannen sin kommentar: Etter nemnde retningslinjer ved konsesjonshandsaming er "Televerket -



regionalt, og eventuelle andre instanser som kan tenkes å ha kablar i området" oppført som høyringsinstans. Etter konferering med Kystverket, skal kablar vere registrert på Kartverket sitt sjøkart. Det er difor ikkje sett som nødvendig å innhente uttale frå Telenor/Gravemeldingstjenesten ved denne søknaden.

### **Fylkesmannen i Hordaland ( )**

Ikkje motteke uttale. Fylkesmannen er kontakta på telefon, og har stadfesta at det ikkje vert sendt uttale.

### **Kystverket Vest (datert 28.09.)**

Kystverket har ingen spesielle merknader til saka. Tiltaket vedkjem ikkje hamneanlegg, hovudlei eller bilei, det som primært etter hamne- og farvasslova ligg til Kystverket sitt myndigheitsområde i slike saker. Det er tidlegare opplyst om at Kystverket ikkje har kablar i området.

Kystverket viser til at tiltaket ligg i kommunen sitt sjøområde, slik at spørsmålet om det trengs særskilt løyve etter hamne- og farvasslova § 27 høyrer inn under Karmsund hamnevesen, som har fått kopi av Kystverket sitt brev.

### Fylkesrådmannen sin kommentar

Kommunen har forvaltningsansvar og myndigheit etter hamne- og farvasslova innanfor området der kommunen har planmyndigheit etter plan- og bygningslova, jf. § 9, 1. ledd. Dette vert kalla "kommunen sitt sjøområde" og omfattar området innanfor 1 nautisk mil utanfor grunnlina. Karmsund Interkommunale Havnevesen, som blant anna omfattar Bømlo kommune, har fått delegert myndigheita kommunen har etter hamne- og farvasslova.

Etter Hamne- og farvasslova krevst det løyve frå kommunen for bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påverke tryggleiken eller god tilgjengelegheit i kommunen sitt sjøområde. Omfatta tiltak er blant anna fortøyinginstallasjonar, akvakulturanlegger, kablar og røyr.

## **Vurdering**

### **Vurdering ut frå høyringsuttalane**

Høyringa vert rekna som gjennomført. For området Nordøyane kan ikkje fylkesrådmannen sjå at det er innvendingar mot å forlenge konsesjonen som omsøkt på same vilkår som før.

For områda "Utfatet sør" og "Klovning" må det i tilfelle først gjerast ei marinarkeologisk undersøking som kravd av Bergens Sjøfartsmuseum, og museet må deretter ha gitt løyve etter kulturminnelova før evt opptak av massar frå områda kan skje.

Spørsmålet om tiltaket kan tillatast ut frå hamne- og farvasslova § 27, har tidlegare blitt avklart gjennom høyringa. Ut frå uttalen til Kystverket, og ut frå erfaringa frå tidlegare konsesjonssøknader, synest det opplagt at tiltaket kan tillatast, men at det strengt tatt er søknadspiktig, noko som no krev gebyrbelagt søknad frå tiltakshavar til Karmsund Interkommunale Hamnevesen. Fylkesrådmannen føreslår eit punkt i vedtaket i saka som seier at skjelsandopptak ikkje kan skje før konsesjonssøkjjar har fått løve til tiltaket etter hamne- og farvasslova § 27.

### Vurdering ut frå kommunen sin uttale

Fylkesrådmannen konstaterer at kommunen er positiv til å forlenge konsesjonen på Nordøyane i 5 år, der det kan takast opp 10.000 m<sup>3</sup> årleg. På konsesjonen kunne Boston i tillegg ta opp 8.000 m<sup>3</sup> på Utfatet, men det vart funne lite skjelsand der. Spørsmålet er om uttaket kan flyttast litt lenger sør. Kommunen har ikkje i uttalen vurdert dette konkret, berre rådd frå konsesjon, og ønskjer å vente til rullering av arealdelen i 2017 for samla vurdering av nye område ved Espevær. Fylkesrådmannen meiner ut frå næringsmessige omsyn m.m. at det vert for lenge å vente til rullering av arealdelen.

Fylkesrådmannen meiner at det har oppstått ein uføresett situasjon med mindre skjelsand enn venta på Utfatet, og at det i høyringa ikkje har kome fram argument som tilseier at ikkje uttaket kan flyttast til "Utfatet sør" med same opptaksvolum som på Utfatet, dvs 8.000 m<sup>3</sup> årleg.

Det går ikkje fram at kommunen har vurdert omsøkte tiltak ved "Utfatet sør" og "Klovning" til å vere i strid

med arealplanen, og har ikkje kravd dispensasjonsbehandling. Uttak av skjelsand er ikkje omtalt i gjeldande kommuneplan, sjølv om det er eit aktuelt tema i kommunen. Fylkeskommunen kan ikkje påleggje kommunane å leggje ut bestemte område til råstoffutvinning i planen. Det er kjent frå før at den enkelte skjelsandkommune er meir eller mindre restriktiv til skjelsandkonsesjonar, fordi det gjerne vert vurdert at uttak av skjelsand stort sett ikkje gir anna enn mogelege ulemper for kommunen. Kommunane kan ikkje gjennom planen hindre staten sin rett til utvinning av skjelsand i det "eigarlause" sjøområdet utan gode argument. Det er ingen "ledige" område som er lagt ut til skjelsanduttak i kommunane i Hordaland. Ved konsesjonshandsaming må fylkeskommunen ta ulike omsyn, og kan vise til ei sak i Sund kommune i 2001 (FUV sak 321/01) der departementet oppheva fylkeskommunen sitt avslag og kravde heilt ny saksbehandling.

### **Ressursvurderingar – mindre skjelsand enn ein har trudd i Bømlo?**

Konsesjonsområdet "Utfatet" er ikkje søkt forlenga, fordi det vart funne stor innblanding av stein i området der. Rapportert opptak frå "Utfatet" er på berre 5.550 m<sup>3</sup> (frå opptak i 2002, 2008 og 2010). Ut frå ressurskartlegging, utført av Norges geologiske undersøkelse (NGU) i 1994, vart det stipulert å vere ca 120.000 m<sup>3</sup> påvist skjelsand i området Utfatet, altså meir enn 20 gonger så mykje som rapportert opptak. Ut frå tilfellet med Utfatet, kan det stillast spørsmål om kor mange gode førekomstar det er for skjelsandopptak i Bømlo.

I Bømlo er det til saman rapportert om opptak av 0,23 millionar m<sup>3</sup> skjelsand i perioden 1991-2014. Dette utgjør berre 3,7 % av det som er kartlagt som "påvist" skjelsand i kommunen. NGU har stipulert at det kan vere ca 6,3 millionar m<sup>3</sup> "påvist" skjelsand og i tillegg ca 12,7 millionar m<sup>3</sup> "mogeleg" skjelsand i Bømlo, sjå NGU rapportane [95.044](#) og [96.040](#). I Nordøyane-Espeværområdet er det i alt vist 8 førekomstar av "påvist" (sikker) skjelsand, og det er alt gitt konsesjon på tre av desse, deriblant "Nordøyane" og "Utfatet". Først når førekomstane nærmar seg tømte kan ein sei kor mykje skjelsand det er på dei enkelte førekomstane. "Utfatet" var nok eit uheldig tilfelle, men vi kan førebels ikkje sjå bort frå at det kan vere relativt avgrensa mengder skjelsand for kommersielle opptak i Bømlo.

På oppdrag frå fylkeskommunen gjennomfører Norges geologiske undersøkelse i år ei oppfølgjande kartlegging i kommunane Øygarden og Fjell, for nettopp for å få sikrere ressuroverslag. Avgrensa førekomstar av god skjelsand bør i tilfelle prioriterast til høgverdige bruksformål.

### **Vurdering av positive sider ved tiltaket**

Dei omsøkte bruksformåla er "jordforbetring" og "dekking av havbunn".

Bruk av skjelsand til jordforbetring (kalking) i jordbruket er eit tradisjonelt bruksformål der skjelsand framleis må reknast som eit rimeleg og konkurransedyktig produkt, særleg på Vestlandet-Jæren. Skjelsand brukt til kalkingsformål i jordbruket vil bidra til auka lønsemd i form av auka avling og rimeleg råstoff. Fin sikta skjelsand frå Boston AS til jordbruk er oppgitt å koste kr 190,- pr tonn + mva.

Bruk av skjelsand til "dekking av havbunn" vert her forstått som bruk av skjelsand til å lage nye og fyller på (vedlikehalde) eksisterande badestrender, noko som Boston AS med fartøyet MS Sandstrand driv med, sjå fleire døme, foto og video på selskapet si heimeside [www.sandstrand.no](http://www.sandstrand.no). Det er opplyst om følgjande typar kjøparar: Privatpersoner, velforeiningar, kommunar, entreprenørar, arkitektar, campingplassar, båtforeiningar, hotell, hytteforeiningar og diverse organisasjonar.

Mykje av skjelsanden som Boston AS tek opp går til å lage badestrender. Dette bruksformålet er relativt nytt, og har fått relativt stort omfang. Skjelsand vert i dag teke opp tilnærma utan skattar og avgifter, og gir så godt som ingen verdiskaping i kommunane der skjelsanden vert teken opp. Det kan diskutertast kor stor verdiskaping eller samfunnsnytte det elles gir å bruke skjelsand til å lage/vedlikehalde badestrender. Skjelsand brukt til å lage badestrender kan seiast å vere ei lite høgverdig utnytting av ein avgrensa, ikkje-fornybar naturressurs, som t.d. kunne vore nytta til kalkingsformål. Skjelsand vert i dag brukt til å lage badestrender fordi skjelsand er det rimelegaste produktet. Eit godt nok alternativ kunne vore mineralsand, (t.d. frå Nordsjøen).

**Vurdering av moglege negative miljømessige sider ved tiltaket**

Fylkeskommunen bør kunne gå ut frå at dersom det vert lagt ut skjellsand for å lage badestrand, så er det på førehand innhenta eventuelle løyve frå miljøstyresmakt.

**Kunnskapsgrunnlaget (jf. naturmangfaldlova § 8)**

Det vert vurdert at kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet er godt nok for føreslåtte vedtak i saka.

Fylkeskommunen har så langt ikkje kravd konsekvensutgreiingar ved søknader om skjellsandkonsesjonar. Konsekvensutgreiingar ville blitt svært kostnadskrevjande. Det har i staden skjedd ei gradvis kunnskapsoppbygging. Det er utarbeidd ein god del rapportar med vurdering av marinøkologiske sider ved uttak av skjellsand, t.d. rapporten "Marinøkologiske effekter av skjellsanduttak, mudring og dumping" utarbeidd ved Havforskningsinstituttet (Steen m. fl. 2007), der det også er vist til mange andre arbeid. Frå marinøkologiske effektar av skjellsand der er det henta følgjande utdrag:

Skjellsandområder er viktig habitat for bløtbunnsarter og fungerer blant annet som gyte- og oppvekstområder for flere fiskearter og krepsdyr. Ved et uttak vil den eksisterende bunnfaunaen og floraen i området bli fjernet, noe som vil kunne gi konsekvenser videre opp i næringskjeden da bunndyrene er en del av næringsgrunnlaget for sjøfugl, fisk og krepsdyr. I tillegg til ødelagt beiteområde, kan habitatforringelsen ødelegge gyte- og oppvekstområder for fisk, og påvirke fiselarver i de overliggende vannmassene ...

Enkelte skjellsandforekomster kan ha nærhet til lokale gytefelt for fisk. Den antatt mest alvorlige følgen vil være for arter som gyter på bunnen (f.eks. sild, lodde og rognkjeks). Her er fjerningen av substratet i seg selv problematisk. I tillegg vil slammingen som følge av opptaket kunne fortrenge gytende fisk. ...

Ut fra kartleggingen bl. a i Tvedestrand og Hordaland fylkeskommune, synes det som mange av de lokale gytefelt finnes i områder hvor vannet har en forholdsvis lav utveksling med andre vannmasser. Dette ansees som en mekanisme som hindrer at egg og larver transporteres bort fra opprinnelsesstedet (retensjon). Dette vil typisk være fjordbassenger med terskler, og være lokaliteter med mindre strøm- og bølgepåvirkning enn områdene hvor skjellsand er avsatt. Eventuell påvirkning fra slam vil sannsynligvis være den viktigste negative virkningen fra skjellsandopptak på gytefelt langs Sørlandskysten. Et viktig avbøtende tiltak vil være å regulere eventuelle konsesjoner slik at de overlapper minst mulig med gyteperioden for aktuelle fiskeslag.

**Føre-var-prinsippet (Naturmangfaldlova § 9)**

Det vert vurdert å ikkje vere risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet om konsesjon vert gitt som omsøkt. Ut frå føre-var-prinsippet vert det likevel rådd til å ikkje gje konsesjon på området "Klovning", slik at bassengområdet der vert liggjande intakt. Det går fram av sjøkart at dei to nye omsøkte konsesjonsområda ligg i relativt slakt terreng langs to avlange basseng/renner oppe på høgderyggen som går sørvestover frå Espevær. Bassengdjupna der er på 30-35 meter. Generelt er det gjerne mindre interessekonfliktar ved uttak i eksponerte område ute på kysten, enn i meir skjerma område lenger inne. Difor kan det i utgangspunktet vere gunstig å flytte uttak frå området "Utfatet" til det meir eksponerte området. Det synest å vere lite fare for utrasing ved evt opptak frå dei nye områda.

**Økosystemtilnærming og samla belastning (Naturmangfaldlova § 10)**

Konsesjon som omsøkt vert vurdert å vere forsvarleg i forhold til samla belastning som økosystemet i Nordøyane-Espeværområdet vil bli utsett for.

**Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (Naturmangfaldlova § 11)**

Dette er ivaretake i dei generelle konsesjonsvilkåra.

**Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (Naturmangfaldlova § 12)**

Oppgitt opptaksmetode med MS Sandstrand er suging. Frå Bømlo har ein flyfoto som viser at slam frå opptaksverksemda vert ført langt med havstraumen. Dette kan særleg tenkjast å skje dersom det føregår utslepp av slamrikt vatn i samanheng med at massar vert sugd ombord. Her må ein følgje nøye med under og etter opptak i forhold til moglege tilslamming t.d. av nærliggjande taeskog og evt ålegras og anna. Dette kravet følgjer også av dei generelle konsesjonsvilkåra.

### **Samla vurdering**

For området Nordøyane, som er lagt ut til skjelsandopptak i kommuneplanen, kan ikkje fylkesrådmannen sjå at det er nokon innvendingar eller anna mot å forlengje konsesjonen som omsøkt i 5 år og på same vilkår som før. Det betyr i tilfelle at Boston AS kan ta opp 10.000 m<sup>3</sup> årleg frå området der, som tilsvarar nær 1/3 av samla årleg opptak i Hordaland dei siste åra. Det er usikkert kor mykje skjelsand det er igjen på "Nordøyane".

Boston AS kunne i tillegg ta opp inntil 8.000 m<sup>3</sup> skjelsand frå Utfatet, men har teke opp lite skjelsand der grunna stor innblanding av stein. Spørsmålet er om det heller kan takast opp skjelsand frå "Utfatet sør" og "Klovning". Det er ingen "ledige" konsesjonsområde i Hordaland, og det er usikkert kor mykje skjelsand som er igjen på "Nordøyane".

Kommunen har rådd frå uttak frå dei to nye områda, som ikkje er lagt ut til råstoffutvinning. Ut frå sentrale retningslinjer for handsaming av skjelsand i arealplanen, er uttak av skjelsand i utgangspunktet ikkje i strid med arealformåla i området. Det har heller ikkje kome fram noko under høyringa som tyder på at skjelsanduttak vil vere i strid med nokon av arealformåla i området. Ut frå uttalen til kommunen meiner fylkesrådmannen at det i tilfelle berre bør gjevast konsesjon for eitt av områda og berre inntil 8.000 m<sup>3</sup>. Det synest i tilfelle å vere "Utfatet sør", som ligg i forlenginga av Utfatet, som peikar seg ut som mest naturleg konsesjonsområde. Som regel er det ferre interessekonfliktar med uttak i eksponerte område ute på kysten enn lenger inne mellom holmar og skjer.

Det er usikkert om det finst særleg med skjelsand i området Utfatet sør. I tilfelle kan det ventast grov skjelsand, som er mindre eigna for jordbruksformål, men godt eigna til badestrand. Bømlø ligg gunstig til i forhold til hovudmarknaden for badestrand, som er på austlandet. Uttak av skjelsand til badestrand vert vurdert som eit lite høgverdig bruksformål for skjelsand, som er ein avgrensa, ikkje-fornybar naturressurs og naturtype. Uttak av skjelsand inneber naturinngrep som kan vere negativt for det biologiske mangfaldet lokalt, i alle fall i ei tid etter uttak. Uttak av skjelsand til badestrand kan også vere negativt for det biologiske mangfaldet der stranda vert etablert. Skjelsand til badestrandformål gir neppe stor verdiskaping, men kan i enkelte tilfelle vere fornuftig bruk, t.d. til offentlege badestrender. Skjelsandkommunane i Hordaland ser neppe nemneverdig verdiskaping av skjelsanduttak, berre moglege negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet. Slik situasjonen er i dag, vil ein ved å vere restriktiv til uttak av skjelsand, gjerne få dyrare skjelsand til jordbruksformål, og mesteparten av skjelsanden kan gå til badestrender. I åra 2013 og 2014 gjekk mesteparten av skjelsanden som av Boston AS tok opp i Bømlø til badestrand. Det er sannsynleg at dette også vil vere tilfellet framover.

Ut frå lite skjelsand på Utfatet i forhold til kartlagde ressursar, kan det tenkjast å vere færre gode lokalitetar for uttak av skjelsand i Bømlø enn kva ressurskartlegginga kunne tyde på.

### **Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til å forlengje konsesjonen på området "Nordøyane" i 5 år, på same konsesjonsvilkår som før, medrekna opptak på inntil 10.000 m<sup>3</sup> massar per år. Det har ikkje kome innvendingar mot dette i høyringa.

Det vert også føreslått å gje konsesjon på området "Utfatet sør" i 5 år, på same konsesjonsvilkår som for Nordøyane, men med opptak på inntil 8.000 m<sup>3</sup> massar årleg. Kommunen har rådd frå å gje konsesjon på området ut frå at området ikkje er lagt ut til råstoffutvinning i kommuneplanen sin arealdel. Det må gjennomførast ei marinarkologisk undersøking for å avklare om opptak kan skje.

Fylkesrådmannen rår frå å gje konsesjon på området "Klovning" fordi det bør vere tilstrekkeleg med konsesjon på dei to andre områda, og fordi kommunen ønskjer å vurdere nye område til skjelsandopptak ved Espevær i samband med rullering av arealdelen i kommuneplanen i 2017.